

Papirannonse:

(Billedkunst, Kunsthåndverk, Morgenbladet, Klassekampen, Dag og Tid)

KUNST TIL BYBANEN, byggjetrinn 4.

Invitasjon til prekvalifisering

Hordaland Fylkeskommune inviterer profesjonelle kunstnarar til å melde grunngeven interesse for kunstprosjekt til Bybanen, trinn 4, sjå hordaland.no/bybanekunst.

På HFK nettside:

Hordaland Fylkeskommune inviterer profesjonelle kunstnarar til å melde grunngeven interesse for kunstprosjekt til Bybanen, trinn 4. Vi søker kunstnarar som på generell basis kan ha interesse av å arbeida med kunst til Bybanen. Målet er å finne kandidatar til lukka konkurranse(r) eller direkte oppdrag. Det kan vere i eit spenn frå komplekse integrerte prosjekt til enklare verk, langs trasé eller på haldeplassar.

Igangsettingstidspunkt vil variera, og aktuelle kunstnarar vil bli kontakta direkte etter kvart som planane er klare. Kunstutvalet har rett til og å engasjera kunstnarar som ikkje melder seg i prekvalifiseringa.

Traséen skal gå frå Bergen sentrum til Fyllingsdalen via Haukeland sjukehus, og er venta ferdig i 2022. Prosjektet er førebels i prosjekteringsfase, og kunstplan er under arbeid. For å ikkje miste tid og moglegheiter for kunstprosjekta, lysast invitasjonen ut sjølv om dei enkelte prosjekta ikkje er spesifiserte.

Til prekvalifiseringa skal kunstnarane sende ein – 1 – pdf-fil med kort, grunngeven interesse, dokumentasjon av tidlegare arbeid / relevante prosjekt, og CV. Materialet skal vera på maksimum 10 A4 sider, alt inkludert. Nettlenkjer kan nyttast som tillegg til dokumentasjon. Obs! Vi ønsker i denne omgang *ikkje* konkrete idear eller skisser til prosjekt.

Søknadsfrist: 20. oktober 2017

Spørsmål kan rettast til hilde.skjeggstad@hfk.no

Førebels skisse innhald Åpne/lukke-bokser:

Bybanetraséen

<https://www.hordaland.no/bybanen-utbygging/> (oppdatert info om utbyggingen + lenke til Bergen kommune, der alle saksdokumenter ift reguleringen er lagt ut)

<https://www.youtube.com/watch?v=1EB3tQtShg0> (lenke til video av traseen, kan være nyttig)

Kunst i førre byggetrinn.

Folderen som pdf

Folderen i bla-versjon

Organisering

Bybanen sitt kunstprogram er finansiert gjennom Bergensprogrammet, eit samarbeid mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Det er Hordaland fylkeskommune som er ansvarleg for kunstprogrammet. Det er nedsett ein komité med brei representasjon, leia av ein kunstfagleg prosjektleiar. Det er sett av kr. 5 mill. til kunst langs traséen mellom Bergen og Fyllingsdalen.

Kunstkomite:

Hilde Skjeggstad, kunstfagleg prosjektleiar.

Ronny Skaar, utviklingssjef Seksjon for kunst og kulturformidling, HFK.

Tone Stedal Haugland, seniorrådgjevar Seksjon for kunst og kulturformidling, HFK.

Sølvi Myrseth, prosjekteringsleiar design og arkitektur, Bybanen Utbygging.

Ingrid Haukeland, prosjekteringsleiar landskap, Bybanen Utbygging.

Stein Dvergsnes, teknisk sjef, Bybanen AS.

Elisabeth Vaule, rådgjevar Fagavdeling for kunst og kulturutvikling, Bergen kommune.

Petra Rahm, Prosjektleiar Kunst i off. rom, Hordaland kunstsenter.